

Kapellet, preste- og samtaletjenesten

Sykehus kapellet ligger i 1. etg. rett ved inngangen til B-blokken. Personalet kan forklare og vise deg vei! Det vil bli annonsert i denne Søndagshilsen når det er gudstjeneste i kapellet. Gudstjenestene er med nattverd. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si fra til personalet som formidler beskjed til presten.

SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon.

Presten har taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «Prestetjeneste».



i Vil du ha mer informasjon eller trenger du å snakke med oss?

 Tlf: 922 07 527

 www.haraldsplass.no
Søk :prestetjenester

Søndagshelsing

13.02.2022
Såmannssøndag

Tema: «Kvardagen»



Såmannen av Vincent van Gogh


**Det er gudstjeneste i Søsterhjemmet kl 11 denne søndagen.
Kapellet er åpent hver dag for lystenning og en stille stund.**

Såmannssøndag

Preiketekst: 5 Mos 6, 1-9

Moses seier: **1** Dette er dei boda, forskriftene og lovene som Herren dykkar Gud har pålagt meg å læra dykk, for at de skal leva etter dei i det landet de er på veg til og skal leggja under dykk. **2** Du skal frykta Herren din Gud så lenge du lever, og halda alle boda og forskriftene hans som eg gjev deg, både du og son din og soneson din, og du skal få eit langt liv. **3** Høyr då, Israel! Legg vinn på å leva etter dei! Då skal det gå deg vel. De skal bli talrike, slik som Herren, dine fedrars Gud, har lova deg, i eit land som fløymer med mjølk og honning.

4 Høyr, Israel! Herren er vår Gud, Herren er éin. **5** Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av all di makt. **6** Desse orda som eg byd deg i dag, skal du gøyma i hjartet ditt. **7** Du skal innprenta dei i borna dine og snakka om dei når du sit heime og når du går på vegen, når du legg deg og når du står opp. **8** Du skal binda dei om handa di som eit teikn og bera dei på panna som eit merke. **9** Du skal skriva dei på dørstolpane i huset ditt og på portane dine.



I kvardagen

Kvardagar kan ha ein negativ klang i oss - kjedeleg, rutine, få unna ting, er ofte det vi forbind med kvardagen. Men når vi møter kriser i livet, når vi opplever tap eller sjukdom, kor mange av oss då lengtar ikkje tilbake til den velsigna kvardagen?

I dag er det søndag, og nokon av oss er vant til å å gå på gudsteneste denne dagen. «Tene Gud»... Men Gud vil vi skal tene kvar dag, ikkje bare på søndagar! Det viser denne kjente teksten i frå det gamle testamentet oss. «Shema, Israel» *Høyr, folk - dette er viktig:* Du skal elske Herren din Gud.... Heile tida, kvar dag, i kvardagen!

Korleis gjer vi det? Ved å ta vare på Guds ord i våre hjarte. Å frykte Gud, er ikkje å vere redd Gud, men ha ærefrykt for og ha tillit og tiltru til Gud i alt som skjer. At Gud er med, også når vi har det vondt.

I dag er det såmannssøndag, og vi veit at skal spiren gi vekst må jordsmonnet vere godt, og ein må gjødsle og stelle, og luke vekk det som forstyrar veksten. Skal Guds ord og kjærleik få vekst i våre hjarte, og spreie seg til andre rundt oss, må vi ta Gud med også i kvardagen. For Jesus sa at det er eitt bod som er like stort: «Du skal elska nesten din som deg sjølv» (Matt 22,39). Det er ei rettesnor og eit mål for oss - kvar dag.

God søndag, såmannsdag og morsdag!

Kristin Lødøen Hope, sjukehusprest

